



Meland kommune

Årsmelding 2012

# Årsmelding 2012

## Innhald:

<b>Kap. 1</b>	<b>INNLEIING</b>	<b>Side:</b>
1.1	Rådmannen sine kommentarar	3
<b>Kap. 2</b>	<b>VEKSTKOMMUNEN MELAND</b>	
2.1	Folketal	5-6
<b>Kap. 3</b>	<b>ADMINISTRATIV OG POLITISK ORGANISASJON</b>	
3.1	Administrativ struktur	7
3.2	Politisk struktur	7
<b>Kap. 4</b>	<b>SEKTOROVERGRIPANDE OMRÅDE</b>	
4.1	Personalarbeid og arbeidsmiljø	8-10
4.2	Beredskap	10
4.3	Interkommunale prosessar	10-11
<b>Kap. 5</b>	<b>ØKONOMISKE OVERSYN</b>	
5.1	Økonomiske nøkkeltal	11-14
5.2	Analyse/resultatvurdering	14-15
5.3	Likviditet/balanse	15-16
5.4	Investeringar	16-17
5.5	Utvikling lånegjeld	17
5.6	Kostra nøkkeltal	19
<b>Kap. 6</b>	<b>KOMMUNALAVDELING FOR KULTUR OG OPPVEKST</b>	
6.1	Målsetjing	20
6.2	Vurdering av resultatoppnåing	20
6.3	Økonomisk omtale	20-21
6.4	Aktivitet 2012	22-26
<b>Kap. 7</b>	<b>KOMMUNALAVDELING FOR HELSE- OG SOSIALTENESTER</b>	
7.1	Målsetjing	26-28
7.2	Vurdering av resultatoppnåing	28
7.3	Økonomisk omtale	28-30
7.4	Aktivitet 2012	30-35
<b>Kap. 8</b>	<b>KOMMUNALAVDELING FOR NATUR, NÆRING OG TEKNISKE TENESTER</b>	
8.1	Målsetjing	35
8.2	Vurdering av resultatoppnåing	36-37
8.3	Økonomisk omtale	37
8.4	Aktivitet 2012	38-42

## Kap. 1. Innleiing

### 1.1 RÅDMANNEN SINE KOMMENTARAR

Vi legg med dette fram årsmelding for 2012. Vi har lagt bak oss nok eit år med stor aktivitet. Også dette året var prega av stor innflytting, og folkeauken var samla på heile 4,4 %. Til samanlikning var veksten i 2011 på 3,1 %. Folkeveksten i landet ligg på 1,3 % i 2012, slik den og gjorde i 2011. Meland kommune ligg på 4 plass i landet når det gjeld prosent vis folkevekst. Framføre oss ligg Gamvik, Rennesøy og Verran. Ser vi på fødselsoverskot ligg vi på 5 plass i landet. Det er berre dei 4 rogalandskommunane Rennesøy, Klepp, Hå og Time som har større fødselsoverskot enn Meland. Den store folkeveksten er etter kvart svært merkbar.

Utfordringane med så stor folkevekst er at stadig fleire brukarar skal ha tenester frå kommunen. Men veksten i inntektene kjem i etterkant av utgiftsbehova, grunna teljetidspunktet som ligg til grunn i overføringane frå staten. Vi kjem heile tida på etterskot.

Heller ikkje i 2012 klarte vi å drive kommunen i balanse. Samla rekneskapsmessig meirforbruk enda på 4,2 mill kr. Grunna meirforbruket klarte vi heller ikkje i 2012 å dekke inn noko av akkumulert underskot. Vi skulle etter planen ha dekkja inn 3 mill i 2012. Oppsamla underskot er no oppe i heile 18,1 mill. Dette er ei stor utfordring. Meland kommune har vore i ROBEK sidan 2001. Det er svært få kommunar som har vore i ROBEK-registeret samanhengande like lenge.

Verken administrasjon eller politisk leiing ynskjer at kommunen skal bli værande på ROBEK-lista. Kommunaldepartementet gav oss i 2012 ein frist med å dekke inn akkumulert underskot i løpet av 2014. Med nytt underskot i 2012 vert denne utfordringa større enn venta.

Når det er sagt skal det og nemnast at dei alle fleste einingane held budsjetttrammene sine, eller har eit mindreforbruk også i 2012. Dette er veldig gledelig. Mange gjer ein framifrå jobb med kostnadsstyring og vurdering av kva som er naudsynte utgifter. Men vi har ei utfordring i det å lage realistiske budsjett. Det hjelper ikkje kor god ein er på økonomistyring dersom grunnlaget er feil. Det å ha korrekt og god nok styringsinformasjon er avgjerande. Når budsjetta ikkje er realistiske så manglar vi noko av den viktigaste styringsinformasjonen vi skal ha. Det er vanskelig å setje inn målretta tiltak når vi ikkje har korrekt grunnlag å vurdere tiltaka ut frå.

Ein stor del av dei midlane vi skulle brukt til tenesteproduksjon er no låst til inndecking av underskot. Det er og relativt store beløp som går med til renter og avdrag, grunna høg lånegjeld. Høg lånegjeld er igjen ein konsekvens av det å vere vekstkommune. Utfordringa framover er å einast om eit nivå på drifta vi kan leve med på sikt. Det er og viktig at vi klarer å einast om tiltak som verkeleg gjer utteljing økonomisk, slik at det vert meir balanse mellom inntekter og utgifter. Det er ei fare for at vi trøttar ut organisasjonen når vi stadige må ty til nye rundar med nedskjeringar, utan at vi nærmar oss målet.

Meland si styrkje er at vi har svært mange dyktige tilsette. Vi har gode leiarar som gjer ein stor innsats og som strekkjer seg langt for å gjere ein god jobb. Vi har gode tenester og brukarane er stort sett svært nøgde. Vi har såleis eit godt utgangspunkt og vi skal klare å få drifta i balanse.

Ingvild Hjelmtveit  
Rådmann



**Ordfører Nils Marton Aadland, rådmann Ingvild Hjelmtveit og Håvard Moe frå KS-Konsulent A/S.(foto avisa Strilen)**

Meland kommune engasjerte KS-Konsulent A/S i september 2012 for å evaluere og vidareutvikle kommuneorganisasjonen. Det er gjennomført ein "Kommunekompass-evaluering" for få vurdert eigen forvaltningspraksis opp mot beste praksis i kommunane, og at dette skal vera eit beslutningsgrunnlag for korleis Meland kommune skal utvikle seg dei neste åra.

Kommunen i landet med høgaste scor har totalt 550 poeng. Meland kommune scorer totalt 276 poeng. Gjennomsnittet alle kommunar i landet er totalt 348 poeng.


Det er planlagt ny evaluering om 2-3 år.

## Kap. 2. Vekstkommunen Meland

### 2.1 FOLKETAL


Folketalet i Meland kommune var pr. 31.desember 2012 totalt **7.347 personer**. Dette tilseier 4,4% folkevekst i 2012, som utgjør 311 personer. Dette er den høgaste folketilveksten som er registrert i tal personar i Meland kommune.

#### Endring folketal sidan 1999:




Frå og med 1999 har folketalet i Meland kommune auka med 1.993 personar. Dette tilsvarer 37,2% og i snitt 2,9 % pr. år. Siste 10 år har folketalet auka med 1.643 personar. Siste 5 år har folketalet auka med 1.114 personar som tilsvarer gjennomsnittleg vekst med 3,5%.

#### Netto folkevekst i Meland kommune i perioden 1999-2012




Meland kommune har hatt ei befolkningsutvikling med relativ stor konsentrasjon i dei yngre befolkningsgruppene. Pr. 31.desember 2012 er 2.236 innbyggjarar er under 20 år. Dette tilsvarer 30,4% av det totale innbyggjartalet i Meland kommune. Det er 700 innbyggjarar som er 67 år og eldre. Dette tilsvarer 9,5% av alle innbyggjarar. Herav er det 45 personar over 90 år som er uendra frå 2011.

#### Innbyggjarar i Meland fordelt etter alder i 2010-2012:




Det er totalt om lag like mange kvinner og menn i Meland i 2012, 3.702 menn og 3.645 kvinner. Det er flest menn i aldersgruppa 16-66 år, men tabellen syner at kvinnene lever lengst også i Meland (316 menn mot 384 kvinner over 67 år).

### Tabellen under viser fordeling mellom menn og kvinner i Meland fordelt etter aldersgrupper pr. 31. desember 2012




Meland kommune har kvart år i perioden 2002 – 2012 hatt stort fødselsoverskot. Tal døde har i perioden vore stabilt mellom 30 og 50 døde kvart år, medan tal fødselar har variert mellom 62 til 93. I 2012 var det 114 fødselar i Meland.

### Tabellen under illustrerer utviklinga mellom fødde og døde.



Meland kommune er ein utbyggingskommune og har kvart år i perioden 2000 - 2012 hatt større innflytting enn utflytting frå kommunen. Netto innflytting har variert i perioden, men er større dei 5 siste åra enn snittet for perioden, særleg gjeld dette dei 2 siste åra då totalt 1.191 personar flytta til kommunen. Netto innflytting dei siste 2 åra er 400 personar.

### Grafen under syner tilhøvet mellom innflytting og utflytting i perioden 2002-2012.




## Kap. 3. Administrativ og politisk organisasjon

### 3.1 ADMINISTRATIV STRUKTUR

Gjennom heile 2012 vart det jobba med å kome fram til ein ny organisasjonsmodell. Bakgrunn for at denne prosessen vart sett i verk er knytta til eit langsiktig arbeid for å oppnå økonomisk balanse og behovet for ein dynamisk og endringsdyktig organisasjonsstruktur som gjer kommunen i stand til å løyse oppgåvene no og i framtida på ein god og berekraftig måte. Dette handlar t.d. om å sikre gode tenester, effektiv drift, gode system for rapportering og god samhandling med politisk nivå.

Den nye organisasjonsmodellen var ferdig utforma i desember og vart sett i verk frå 01.01.13. Modellen innebar m.a. at kommunalavdelingane vart lagt ned og erstatta av 13 tenesteområde. Det er to stabar i modellen: Økonomi og adm. stab, inkl. HR. Det er også etablert ei rådgjevargruppe som skal understøtte både rådmannen og tenesteområdeleiarane i deira arbeid.

Administrativ organisasjonskart gjeldande frå 1.januar 2013.



### 3.2 – POLITISK STRUKTUR

Det vart i 2012 ikkje gjort endringar i den politiske organisasjonsmodellen.

## Kap.4. Sektorovergripande område

### 4.1 PERSONALARBEID OG ARBEIDSMILJØ

Tal årsverk og tilsette pr. 31.desember 2012:

Personalstatistikk	TOTALT		KVINNER			MENN		
	Tal personar	Årsverk	Tal personar	Årsverk	Prosent	Tal personar	Årsverk	Prosent
Rådmannskontor *	9	8,2	9	8,2	100,00	0	0,0	0,00
Økonomikontor	5	4,4	3	2,4	60,00	2	2,0	40,00
Adm. Oppvekst **	6	5,6	3	3,0	50,00	3	2,6	50,00
Spesialundervisning	15	5,6	13	5,2	86,67	2	0,4	13,33
Grasdal skule/SFO	18	17,0	16	15,0	88,89	2	2,0	11,11
Meland ungdomsskule	31	24,8	20	15,6	64,52	11	9,1	35,48
Rosslund skule/SFO	39	34,3	25	22,8	64,10	14	11,5	35,90
Sagstad skule/SFO	53	43,2	44	35,0	83,02	9	8,3	16,98
Vestbygd skule/SFO	28	23,6	24	19,6	85,71	4	4,0	14,29
PPT	3	2,4	1	0,4	33,33	2	2,0	66,67
Marihøna barnehage	10	7,9	10	7,9	100,00	0	0,0	0,00
Vestbygd barnehage	10	7,8	10	7,8	100,00	0	0,0	0,00
Kulturskule	12	4,5	8	2,8	66,67	4	1,6	33,33
Helse og sosial	11	7,7	7	5,8	63,64	4	1,9	36,36
Psykisk helseteneste	6	5,2	4	3,4	66,67	2	1,8	33,33
Helsestasjon	5	3,8	5	3,8	100,00	0	0,0	0,00
Legekontor	15	11,5	11	8,5	73,33	4	3,0	26,67
Sosiale tenester	7	5,4	5	3,4	71,43	2	2,0	28,57
Barnevern	6	5,8	4	3,8	66,67	2	2,0	33,33
Meland sjukeheim	87	48,6	83	46,0	95,40	4	2,6	4,60
Meland heimetenester	101	65,9	90	60,6	89,11	11	5,3	10,89
Landbruk og skogbruk	2	2,0	1	1,0	50,00	1	1,0	50,00
Kulturkontor og bibliotek	6	4,7	6	4,7	100,00	0	0,0	0,00
Tekniske tenester	13	9,9	10	7,3	76,92	3	2,6	23,08
Drift og vedlikehald	47	39,5	29	21,5	61,70	18	18,0	38,30
<b>Totalsum ***</b>	<b>545</b>	<b>399,1</b>	<b>441</b>	<b>315,5</b>	<b>79,05</b>	<b>104</b>	<b>83,5</b>	<b>20,95</b>

Tilsette 62 år og eldre	<b>TOTALT 53 tilsette</b>
-------------------------	---------------------------

\*) I tillegg 3 tillitsvalde, totalt 0,90 årsverk

\*\*) I tillegg 2 tillitsvalde, totalt 0,55 årsverk.

\*\*\*) Herav 53 tilsette (41 årsverk) som er 62 år og eldre, 40 kvinner og 13 menn.

I ovannemnde oversyn er det tatt med oppretta stillingar med godkjent stillingsheimel pr. 31.desember 2012. Vakante stillingar er tatt med. Prosjektstillingar og engasjementstillingar er ikkje med i oversynet. Tal tilsette kan innehalda personar med fleire sektorovergripande mindre stillingar.

Det er pr. 31.desember 2012 registrert 3 lærlingar og 1 taf-elev innafør helsefag.

### Organisasjonsutvikling

Kommunen jobba vidare i den nasjonale programmet "Saman om ein betre kommune." Det vart m.a. arrangert omdømmesamling 18.10.12 på Nordhordland folkehøgskule, med deltakarar frå kommunestyret, adm. leiing, tillitsvalde og verneombod. Det er to delprosjekt under programmet: 1) Etisk kompetanseheving og 2) Utarbeiding av ny arbeidsgjevarstrategi.

### Lokale forhandlingar

I 2012 var det hovudoppgjer, med pottforhandlingar i kap. 4. Potten vart utrekna til kr 1,6 mill. Det vart oppnådd semje med alle organisasjonane. Det vart også gjennomført årlege forhandlingar etter HTA kap. 3 og 5. Også her vart det oppnådd semje.

### Nærværprosjektet



Prosjektet vart avslutta per 31.12.12. Ved oppstarten i 2010 låg sjukefråværet på 8,9%. I 2011 vart det registrert ein nedgang til 6,9%. Sjølv om det også i 2012 vart jobba godt på alle arbeidsplassane, både med å fremje nærværsfaktorar og med den individuelle oppfølginga, vart resultatet for 2012 under eitt 8,1%. Det er vanskeleg å gi noko eintydig forklaring på oppgangen i 2012. Sjølv om nærværprosjektet formelt sett er avslutta må arbeidet med å redusere sjukefråværet ytterlegare halde fram med full tyngde. Ein lokal *nærværpris* vert tildelt Rossland skule under omdømmesamlinga 18.

oktober.



*Frå budsjettmøte på Voss i november 2012.*

### Medarbeidarundersøking

Det vart gjennomført nettbasert medarbeidarundersøking på [www.Bedrekommune.no](http://www.Bedrekommune.no). Resultatet var noko betre enn ved førre undersøking (2008). Også resultatata nasjonalt har gått fram, men Meland kommune hadde gått fram litt meir enn landsnittet.

### Likestilling

I den nye organisasjonsmodellen med 13 tenesteområdeleiarar er det god fordeling mellom kvinner og menn (6 kvinner og 7 menn). Gjennomsnittsløn for alle kvinner var i 2012 kr. 395.895,- og for menn kr 448.946,-.

Det er gått ei tid sidan omfanget av ufrivillig deltid vart kartlagt og det vart administrativt vedtatt at ei ny kartlegging skal gjennomførast i 2013 for pleie og omsorgsområdet.

### Rekruttering

Kommunen opplever relativt god tilgang på arbeidskraft innan dei fleste områda. Det er likevel framleis store utfordringar innan teknisk sektor. Også tilgangen på søkjarar til fastlegestillingar har i den siste tida gått noko tilbake. Kommunen er medlem i Trainee Vest og det vart administrativt vedtatt å ta inn trainee innan økonomifeltet i 2013.

I mars 2012 vart søknadsmodulen Visma Rekruttering tatt i bruk, og alle søknader på ledige stillingar vert no mottatt elektronisk.

Kommunen hadde i 2012 3 lærlingar og 1 TAF-elev.

### Kompetanseheving

Den strategiske delen av kompetanseutviklingsplanen går fram til 2015. Alle avdelingane laga lokale tiltaksplanar for 2012. Rådmanen si leiargruppe deltok i eit interkommunalt kompetanseutviklingprogram.

### Internkontroll etter personopplysningslova

Det vart i 2012 gjennomført eit omfattande arbeid med risikoanalyse og utarbeiding av eit elektronisk basert internkontrollsystem for etterleving av krava i personopplysningslova.

Systemet vart etter nøye vurdering av arbeidsgruppa ikkje implementert i organisasjonen.

Dette har samanheng med at det interkommunalt er vedtatt å kjøpe inn ein annan programvare for kvalitetsarbeid generelt, og det vil ikkje vere føremålstenleg å operere med to ulike system.

### Utvikling sjukefråvær:

2012	2011	2010	2009	2008
8,1%	7,0%	8,4%	8,9%	7,9%

Det er fastsett som mål at sjukefråværet skulle vera 6% ved utgangen av prosjektperioden (31.12.12). Sjukefråveret var 8,1% i 2012.

## 4.2 BEREDSKAP

Fylkesmannen gjennomførte beredskapstilsyn i kommunen 18. og 19. juni. Det vart gitt to merknader som det vart svart på innan oppgitt frist. Det vart gjennom vedtak i kommunestyret 20.juni sett i gang prosess med å utarbeide heilskapleg ROS-analyse (jf den eine av merknadene frå fylkesmannen). Det vart også gjort politisk vedtak om akseptkriterium. Rådmanen har oppnemnd ei eiga arbeidsgruppe for arbeid med ROS-analysen og planen er at analysen skal vere klar til politisk behandling i desember 2013.

Kommunen gjennomførte 07.06.12 ei eigeninitiert beredskapsøving med tema skogbrann. Det vart m.a. samarbeidd med Lindås og Meland brannvern om gjennomføringa.

## 4.3 INTERKOMMUNALE PROSESSAR


Tabellen under syner områder med interkommunalt samarbeid der Meland kommune er med og bokførte kostnader i kommunerekneskap for 2011 og 2012. Totalsum interkommunalt samarbeid auka med omlag kr. 2,8 mill. i 2012.

Interkommunale tiltak	2011	2012
Interkommunalt brannvern (Lindås)	3 938 810	5 175 710
Interkommunalt branntilsyn (Lindås)	496 019	512 058
Nordhordland legevaktsentral	1 989 326	2 192 491
Nordhordland IKT	1 218 272	3 491 448
Nordhordland Kemnerkontor	939 080	738 004
Nordhordland Kursregion	35 938	83 000
Interkommunal Innkjøpsordning (Bergen)	75 000	75 000
Interkommunal feiing (Lindås)	750 788	809 553
Distriktsveterinærtenesta	149 185	153 000
Interkommunal ordning slamtømming	794 190	797 236
Nordhordland Revisjon IKS	766 152	789 132
Interkommunalt arkiv i Hordaland	191 032	192 193
Regionrådet for Nordhordland	586 866	641 788
Ungdomskontakten Salto	184 000	171 000
Interkommunalt krisesenter (Bergen)	234 225	154 360
NGIR avlaupsrensing	695 166	131 146
Interkommunal ordning vakt vassverk	47 650	21 213
Nordhordland Reiselivslag	145 882	0
Interkommunal Jordmorteneste	50 000	0
<b>Totalsum kostnad interkommunalt samarbeid</b>	<b>13 287 581</b>	<b>16 128 332</b>

## Kap. 5. Økonomiske oversyn

### 5.1 – ØKONOMISKE NØKKELTAL

Tabellen under syner reell vekst (%) i kommunen sine driftsutgifter og inntekter:



Både inntektene og utgiftene auka betydeleg i 2012. Kvart år dei tre siste åra har utgiftene auka meir enn inntektene. Sjølv om skatteinntektene auka med om lag kr. 5,0 mill. meir enn budsjettert i 2012, var inntektsveksten mindre enn veksten i løpande utgifter. Dette tyder på at løpande

driftsutgifter er stabilt høgare enn inntektene. For å kunne redusere akkumulert underskot må veksten i driftsutgiftene reduserast betydeleg i forhold til den løpande veksten i inntektene. Dette blir ein utfordring både i 2013 og i 2014.

Det er eit dårleg signal at utgiftene aukar meir enn utgiftene både i 2010, 2011 og 2012 til tross for fleire gjennomførte innsparingstiltak i 2009 og i 2010. Mellom anna avvikling av Flatøy skule hausten 2009.

Hovudårsakene til stor inntektsauke i 2009 var innføring av eigedomsskatt (+11,7 mill.), auke momskompensasjon frå investeringar (+11,9 mill.), kapitaluttak frå BKK (+3,8 mill.) auke innbyggjartilskot (+17,1 mill.) og statleg tiltakspakke (+4,3 mill.).

Momskompensasjon i tusen kr.	2009	2010	2011	2012
Momskompensasjon investeringar	14 287	8 424	1 800	4 074
Momskompensasjon drift	6 561	6 162	6 539	6 024
<b>Total momskompensasjon</b>	<b>20 848</b>	<b>14 586</b>	<b>8 339</b>	<b>10 098</b>
Tilbakeført til investering	0	-1 713	-718	-2 445
<b>Bokført inntekt i driftsrekneskap</b>	<b>20 848</b>	<b>12 873</b>	<b>7 621</b>	<b>7 653</b>

I 2012 var netto momskompensasjon bokført som inntekt i driftsrekneskapen kr. 7,6 mill. I forhold til 2009 er driftsinntektene frå momskompensasjon redusert med kr. 13,2 mill. i 2011 og 2012.

### Utvikling brutto og netto driftsresultat i millionar kroner:



Brutto driftsresultat skal vera stort nok til finansiering av netto rente og avdragsutgifter og netto finans-kostnader.

Brutto driftsresultat (korrigert for

avskrivningar) har svinga

betydeleg i perioden 2008-2012. Frå og med 2009 har brutto driftsresultat vore positivt.

Hovudårsak til redusert brutto driftsresultat i 2010 er reduserte inntekter frå netto momskompensasjon. Dersom budsjettert inntekning av akkumulert underskot skulle blitt gjennomført i 2012, måtte brutto driftsresultat i rekneskapen vor om lag kr. 25,5 mill.




**Netto driftsresultat** er ein indikasjon på kommunen sin handlefridom, dvs kor mykje som er igjen av driftsmidlane til nye tiltak, investeringar, avsetjingar og inndekning av tidlegare års underskot. KS si anbefaling er at netto driftsresultat i kommunesektoren bør vera 3% av driftsinntektene. For Meland kommune tilseier dette at netto driftsresultat i 2012 burde vera om lag kr.

13 mill. Hovudårsak til svekka netto driftsresultat i 2011 skuldast pålegg om overføring av ekstraordinært utbytte frå BKK frå 2010 og 2011 med totalt kr. 8,2 mill. frå driftsrekneskapen til investeringsrekneskapen i 2011. Summen er avsett til kommunen sitt ubunde investeringsfond. For 2012 er netto driftsresultat redusert på grunn av stort meirforbruk av løpande driftsutgifter.

Rekneskapsresultatet for 2012 vart derfor minus kr. 4,1 mill. i staden for pluss kr. 3,0 mill. som budsjettert.



### Akkumulert rekneskapsmessig underskot:

Ved utgangen av 2012 var oppsamla udekka rekneskapsunderskot totalt **kr. 18.073.417,-**. Rekneskapsmessig underskot for 2012 vart avlagt med bokført meirforbruk totalt **kr. 4.160.675,-**. Fylkesmannen i Hordaland og Kommunaldepartementet har pålagt kommunen å dekkja inn saldo oppsamla underskot innan 2014. Akkumulert rekneskapsunderskot refererer seg frå åra 2008-2010-2011. Det er budsjettert inndeckning kr. 6,0 mill. i 2013 og kr. 5,0 mill. i 2014. For å kunne nedbetale alt akkumulert rekneskapsunderskot innan 2014, må både budsjett og økonomiplan reviderast.



### Skattedekningsgrad i %:

Skattedekningsgraden syner kor stor del av driftskostnadene som vart finansierte av skatteinntektene (målt i prosent). Utviklinga av skattedekningsgraden illustrerer at skatteinntektene til Meland kommune har auka mykje mindre enn driftskostnadene i perioden. Stor reduksjon i 2011 skuldast reduksjon av det kommunale skatteøyre frå 12,8 til 11,3%. Det er ingen endring av skatteøyre i 2012, men skatteinntektene auka noko meir enn generell auke av løpande driftsutgifter (10,0%).




### Renter og avdrag på innlån bokført i driftsrekneskapsmessig underskot i mill. kroner:

Det er bokført minimumsavdrag på innlån i samsvar med fylkesmannen sin budsjetgodkjenning og kommunelova prgf. 50 i rekneskapsmessig underskot også i 2012. Merknad frå revisjonen tilseier at avdrag på lån bokført i driftsrekneskapsmessig underskot er kr. 1,7 mill. for lite for å oppfylle

krava til minimumsavdrag i 2012. Årsak er omdisponering av eksisterande unytta lånemidlar til finansiering av investeringsprosjekt i 2012. For 2013 er budsjetterte avdrag i samsvar med reglar regerert i kommunelova prgf. 50. Viser til omtale i note 13 i kommunerekneskapsmessig underskot. Kommunen si langsiktige lånegjeld vart redusert med netto kr. 10,9 mill. i 2012 og er totalt kr. 397,2 mill. pr. 31.desember 2012. Hovudårsaker til reduserte rentekostnader er reduserte rentesatsar og redusert lånegjeld.

### Utvikling av ubunde investeringsfond i mill. kroner:




Meland kommune har i perioden 1998-2001 fått utbetalt totalt kr. 108,9 mill. frå Nordhordland Kraftlag og BKK. Summen er i same periode avsett til kommunen sitt investeringsfond. Grafen til høgre syner at fondet var tilnærma brukt opp i 2005. Styrking av fondet i 2011 overføring av ekstraordinært utbytte frå BKK med kr. 8,2

mill. frå driftsrekneskap til investeringsrekneskap.

### Skatteinntekter og rammetilskot i millionar kroner:

Dei frie inntektene auka totalt med kr. 32,7 mill. i 2012. Stor auke i 2011 skuldast omlegging av barnehagetilskot frå øyremerka tilskot til innbyggjartilskotet frå 1.januar 2011.

Skatteinntektene auka med 10% i 2012, totalt kr. 13,1 mill. som var kr. 5,0 mill. meir enn budsjettert.




## 5.2 ANALYSE - RESULTATVURDERING

### Hovudoversyn:


	Rekneskap 2012	Budsjett 2012	Avvik
Brutto driftsinntekter	441 199 732	429 338 357	11 861 375
Brutto lønskostnader	-263 386 923	-258 859 429	-4 527 494
Andre driftskostnader og overføringar	-159 437 691	-148 343 928	-11 093 763
<b>Brutto driftsresultat ekskl.avskrivningar</b>	<b>18 375 118</b>	<b>22 135 000</b>	<b>-3 759 882</b>
Netto renter og avdrag	-16 190 074	-17 250 000	1 059 926
<b>Netto driftsresultat</b>	<b>2 185 044</b>	<b>4 885 000</b>	<b>-2 699 956</b>
Netto finanstransaksjoner	-6 345 719	-1 885 000	-4 460 719
Inndekning akkumulert rekneskapsunderskot	0	-3 000 000	3 000 000
<b>Resultat</b>	<b>-4 160 675</b>	<b>0</b>	<b>-4 160 675</b>

Brutto driftsresultat er kr. 3,7 mill. dårlegare enn revidert budsjett for 2012. Netto innsparing renter og avdrag er om lag kr. 1,0 mill. Avsetning til bundne driftsfond og overføring av momskompensasjon til investeringar er kr. 4,5 mill. større enn revidert budsjett. Netto avvik overføring til bundne driftsfond skuldast i stor grad avsetning frå sjølvkost vassverk, avlaup og byggjesak med totalt kr. 4,0 mill. Meirinntekter frå sjølvkost VAR er inkludert totale brutto driftsinntekter og er ei av årsakene til stort avvik mellom budsjett og rekneskap brutto driftsinntekter

### Sektorfordeling av netto driftskostnader 2012 i millioner kroner:



### Utvikling driftsinntekter og driftsutgifter ekskl. avskrivningar i millioner kroner 2008 – 2012:



## 5.3 – LIKVIDITET / BALANSE

Totalsum bankinnskott er redusert med kr. 40,3 mill. frå 2011 til 2012. Hovudårsak er reduksjon av unytta lånemidlar bokført i balansen med kr. 44,7 mill. Kortsiktig gjeld har auka med kr. 4,4 mill. og kortsiktige fordringar er redusert med kr. 6,1 mill.

Tekst	2012	2011	2010
Totale bankinnskott	41 273 813	81 566 982	34 342 737
Skagen pengemarked/obligasjonsfond	11 556 637	10 952 273	10 644 513
<b>Sum kortsiktige likvider</b>	<b>52 830 450</b>	<b>92 519 255</b>	<b>44 987 250</b>
Kortsiktig gjeld ekskl. premieavvik	-64 054 325	-59 660 648	-53 904 862
Kortsiktige fordringar	20 329 020	26 389 410	28 451 313
Investeringsfond	-16 160 403	-14 181 968	-5 559 164
Unytta lånemidlar	-13 538 803	-58 203 464	-21 188 120
<b>Likviditetsunderskott</b>	<b>-20 594 061</b>	<b>-13 137 415</b>	<b>-7 213 583</b>

**Balanse pr. 31.desember i tusen kroner:**

Tal i 1000 kroner	2010	2011	2012
<b>Omløpsmidlar</b>			
Kasse, bank	34 343	81 567	41 274
Premieavvik	10 665	11 823	19 534
Aksjefond	10 644	10 952	11 556
Kortsiktige fordringar	28 451	26 390	20 329
<b>Sum omløpsmidlar</b>	<b>84 103</b>	<b>130 732</b>	<b>92 693</b>
<b>Anleggsmidlar</b>			
Aksjar, pensjonsmidlar	409 953	407 886	438 799
Utlån	29 988	31 100	40 334
Faste eigedommar, anlegg	444 931	454 045	476 207
Utstyr, maskiner	3 324	5 368	6 931
<b>Sum anleggsmidlar</b>	<b>888 196</b>	<b>898 399</b>	<b>962 271</b>
<b>SUM EIGENDELAR</b>	<b>972 299</b>	<b>1 029 131</b>	<b>1 054 964</b>
<b>Gjeld</b>			
Kortsiktig gjeld	57 308	64 176	69 083
Langsiktig gjeld	706 707	816 108	848 453
<b>Sum gjeld</b>	<b>764 015</b>	<b>880 284</b>	<b>917 536</b>
<b>Eigenkapital</b>			
Fonds	16 097	25 058	30 937
Likviditetsreserve/endr. Rekneskapsprinsipp	-2 441	-2 441	-2 441
Kapitalkonto	202 325	140 143	127 005
Rekneskapsmessig meirforbruk	-7 697	-13 913	-18 073
<b>Sum eigenkapital</b>	<b>208 284</b>	<b>148 847</b>	<b>137 428</b>
<b>SUM GJELD OG EIGENKAPITAL</b>	<b>972 299</b>	<b>1 029 131</b>	<b>1 054 964</b>

Langsiktig gjeld auka med kr. 32, 3 mill. i 2012 med slik fordeling:


- Langsiktig lånegjeld reduksjon      kr. -10,9 mill.
- Pensjonsforpliktelsar auke              kr. 43,2 mill.

Premieavvik til KLP og Statens Pensjonskasse er totalt bokført med kr. 19,5 mill. pr. 31.desember 2012. Dette er ein auke stor kr. 7,7 mill. frå 2011. Akkumulert premieavvik skal frå 2012 nedbetalast over 10 år og vil såleis ha stor betydning for saldering av driftsbudsjetta dei neste åra.

## 5.4 - INVESTERINGAR

### Investeringskostnader i millionar kroner:

Bokførte brutto investeringskostnader var i 2012 totalt kr. 49,6 mill. (Herav kr. 23,3 mill. brutto til vassverk og avlaup og kr. 9,0 mill. refusjon frå private anlegg). Dei 5 siste åra har Meland kommune investert brutto totalt for kr. 292,8 mill.



### Dei største bokførte investeringsprosjekta i 2012:


Kommunale Investeringsprosjekt	Sum i mill. kroner	Ferdig år
• Utbygging Vestbygd skule	12,3	2012
• Vassledning Fløksand-Vikebø	8,4	2013
• Vassverk Kårbø-Landsvik	5,4	2013
• Vassledning Tveit-Brakstad	2,0	2013
• Lagerbygg Melandskaret	1,8	2012

### Dei totale investeringskostnadane er finansierte slik:

Finansiering	Sum i mill.kroner	Finansiering i %
• Eksterne lån	38,6	77,8%
• Tilskot/refusjonar	8,6	17,3%
• Tilbakeført mva.komp.	2,4	4,8%
<b>Totalsum</b>	<b>49,6</b>	<b>100%</b>


## 5.5 – UTVIKLING LÅNEGJELD

### Utvikling lånegjeld i millionar kroner:



Pr. 31.desember 2012 var Meland kommune si lånegjeld kr. 397,2 mill. Dette tilsvarer reduksjon frå 2011 med kr. 10,9 mill. Årsak er omdisponering av unytta lånemidlar frå 2011.

### Lånegjeld pr. innbyggjar:





*Kaien på Io før den vart reparert i 2012. (foto Jens Dahl)*



*Kaien på Io etter den vart bygd opp igjen. (foto Jens Dahl)*

## 5.6 KOSTRA NØKKELTAL

	Meland 2011	Meland 2012	Gj.snitt kommune- gruppe 8 2012	Gj.snitt Hordaland 2012	Gj.snitt alle kommunar 2012
Brutto driftsresultat i % av brutto driftsinntekter	0,3	0,2	2,5	1,4	2,0
Netto driftsresultat i % av brutto driftsinntekter	-0,9	0,5	2,9	1,7	2,7
Langsiktig gjeld i % av brutto driftsinntekter	198,5	192,3	197,4	185,8	188,8
Frie inntekter pr. innbyggjar	41 516	44 210	43 657	45 135	46 475
Netto lånegjeld pr. innbyggjar	45 296	46 507	44 507	37 985	36 120
Netto driftsutgifter pr. innbyggjar 1-5 år i barnehagar	102 518	111 360	111 239	119 007	115 509
Netto driftsutgifter pr. innbyggjar 6-15 år i grunnskule	89 966	95 582	95 034	96 198	97 544
Netto driftsutgifter pr. innbyggjar i kommunehelsetenesta	1 805	1 902	1 876	1 997	2 049
Netto driftsutgifter pr. innbyggjar i pleie og omsorgstenesta	10 877	12 276	13 731	15 132	14 939
Netto driftsutgifter pr. innbyggjar 20-66 år til sosialtenesta	2 782	2 769	2 427	3 084	3 018
Netto driftsutgifter pr. innbyggjar 0-17 år til barnevernstenesta	4 552	4 188	6 469	6 653	6 874
Netto driftsutgifter pr. innbyggjar til administrasjon	4 343	4 526	3 477	3 594	4 126
Andel born 1-5 år med barnehageplass	88,7	87,5	91,2	90,9	90,1
Andel elevar i grunnskulen med spesialundervisning	9,0	10,1	9,1	8,2	8,5
Legeårsverk pr. 10.000 innbyggjarar	11,0	10,6	9,0	9,2	9,9
Fysioterpeiarårsverk pr. 10.000 innbyggjarar	6,4	6,6	8,1	8,5	8,5
Andel plasser i einerom i pleie og omsorgsinstitusjon	100,0	100,0	94,8	93,0	93,0
Andel innbyggjarar 80 år og over på institusjon	8,1	9,0	11,5	14,9	14,1
Andel sosialhjelpsmottakarar 20-66 år i % av innbyggjarar 20-66 år	4,5	4,1	-	-	3,7
Andel born med barnevernstiltak av innbyggjarar 0-17 år	3,6	3,8	-	-	4,8
Brutto driftsutgifter pr. barn i kommunal barnehage	173 033	163 972	156 987	170 958	157 297
Brutto driftsutgifter pr. barn til grunnskule, skulelokaler og skyss	91 785	96 732	95 639	98 338	95 807
Gjennomsnittleg klassestørrelse 8-10 årstrinn	13,5	13,6	15,1	14,9	14,7
Brutto driftsutgifter pr. mottakar av heimetenester	225 541	247 533	226 245	227 847	210 493
Brutto driftsutgifter pr. plass institusjon	800 083	887 472	1 049 643	921 836	955 309
Årsgebyr for vatn	4 242	4 242	2 402	3 590	3 102
Årsgebyr for avlaup	3 262	3 262	3 320	3 134	3 424
Årsgebyr for avfallstenesta	2 760	2 760	2 442	2 151	2 377
Gjennomsnittleg sakshandsaming-tid voppmålingsforretning dg.	69	70	67	71	66
Brutto driftutgifter i kr. pr. km. kommunal veg	-	68 279	107 081	153 356	124 583

## Kap. 6 - Kommunalavdeling for kultur og oppvekst

### 6.1 MÅLSETJING

#### Grunnskulen:

Forsterka satsinga på å skape eit godt psykososialt miljø, gjennom deltaking i prosjektet Betre Læringsmiljø i perioden 2009-2014.

Få betre resultat på dei nasjonale prøvane i 2012, samt å auka grunnskulepoenga minst opp til nasjonalt gjennomsnitt.

#### Barnehagesektoren:

Systematisk og målretta arbeid i høve til kapasitet, kvalitet og økonomi både i kommunale og ikkje-kommunale barnehagar.

#### Bibliotektenesta:

Styrka litteraturformidlinga i biblioteket ved leseaksjonar.

#### Meland Frivilligsentral:

Vera pådrivar og tilretteleggjar for frivillig arbeid.

### 6.2 VURDERING AV RESULTATOPPNÅING

#### Grunnskulen:

Satsinga på prosjektet Betre Læringsmiljø har vore vellukka. Fokuset har mellom anna vore sett på god klasseleiing, relasjonar elev/lærer, felles reglar og konsekvensar. Undersøkingar har vist at elevane har fått auka læringsutbyte og trivst betre på skulen.

Grunnskulepoenga låg på eit høgt nivå, over både Hordaland og landsgjennomsnittet.

#### Barnehagesektoren:

Kommunen har klart å gje plass i barnehage til dei som hadde krav på plass etter barnehagelova sine minimumskrav. Per 15.desember hadde 522 born barnehageplass.

Som ein del av kompetanseplanen har alle tilsette fått tilbod om kurs.

**Meland bibliotek** hadde i 2012 arbeidd med litteraturplanen som vart laga i samband med bibliotekplanen for 2011–2015. Tiltaka har i stor grad vore retta mot skular og barnehagar, men også mot den vaksne bibliotekbrukaren. Deltakinga ved lesekonkurransar har vore mykje større enn forventa. Då biblioteket måtte stengja laurdagar frå midt i oktober og ut året, ramma dette brukarane. Utlån og besøk gjekk drastisk ned.

#### Meland frivilligsentral:

Har hatt eit aktivt år og vore engasjert i fleire større og mindre prosjekt.

### 6.3 ØKONOMISK OMTALE

Ansvarsområder undervisning og barnehagar	Budsjettramme 2012	Justert budsjettramme 2012	Rekneskap 2012	Avvik
200 Adm. kultur og oppvekst	3 644 000	3 656 000	3 328 500	-327 500
210 Grunnskule-vaksenoppl.	5 501 000	5 498 000	7 755 300	2 257 300
212 Grasdal skule	7 891 000	8 305 000	8 775 900	470 900
213 Meland ungdomsskule	15 437 000	15 899 600	15 624 200	-275 400
214 Rosslund skule	20 221 000	20 917 000	21 238 900	321 900
215 Sagstad skule	22 335 000	23 093 000	22 971 200	-121 800
216 Vestbygd skule	12 825 000	13 212 000	13 639 800	427 800
218 PPT	1 880 000	1 851 000	1 797 700	-53 300
220 Adm. barnehagar	52 232 000	52 222 000	55 601 500	3 379 500
222 Marihøna barnehage	2 733 000	2 749 000	2 951 100	202 100
224 Vestbygd barnehage	3 127 000	3 151 000	3 330 300	179 300
230 Kulturskule	2 012 000	1 989 000	1 913 300	-75 700
<b>Sum</b>	<b>149 838 000</b>	<b>152 542 600</b>	<b>158 927 700</b>	<b>6 385 100</b>

Ansvarsområde kultur	Budsjetttramme 2012	Justert budsjetttramme 2012	Rekneskap 2012	Avvik
500 Kulturkontor	2 399 000	2 348 000	2 008 700	-339 300
510 Bibliotek	1 945 000	1 927 000	1 869 700	-57 300
<b>Sum</b>	<b>4 344 000</b>	<b>4 275 000</b>	<b>3 878 400</b>	<b>-396 600</b>

### Kommentarer:

#### Barnehagesektoren:

Stort budsjettavvik barnehagesektoren skuldast høgare refusjonar til barnehageplassar i andre kommunar og avvik mellom budsjetterte og endelege tilskotssatsar til private barnehagar.

#### Grunnskule-vaksenopplæring:


Då budsjettframlegg for 2012 vart lagt fram i september 2011, var det vanskeleg å sjå kva auka innflytting til kommunen kunne føra til. Dette gjeld mellom anna vaksne som har rettar etter § 17 i *Lov om introduksjonsordning og norskopplæring for nyankomne innvandrere* (Introduksjonsloven). Betaling for norskopplæring auka både til Bergen kommune og til Lindås kommune.

Talet på barn i førskulealder som hadde rett på spesialpedagogisk hjelp etter § 5-7 i *Lov om grunnskolen og den vidaregåande opplæringa* (Opplæringslova) auka også. Dette førte til større utbetalningar til private barnehagar både i og utanfor kommunen.


I hausthalvåret kom det elevar i grunnskulen etter vedtak om familieegjenforening. Desse har rettar etter opplæringslova § 2-8 og førte til auka lønsutgifter.

Elles var det i september 2011 uråd å vita kor mange elevar det kom til å verta i private grunnskular i 2012 som hadde rett til spesialundervisning etter § 5-1 i opplæringslova. Dette talet auka også utover i 2012 og refusjonsutgiftene til private skular vart difor større enn budsjettert.

#### Utvikling brutto driftsutgifter i mill. kroner.



#### Utvikling netto driftsutgifter i mill. kroner.




## 6.4 AKTIVITET 2012

### Grunnskulen:

Elevtalet i grunnskulen var i gjennomsnitt 1035 elevar, om lag slik som i 2011.

Gjeldsrådgevingsprosjektet i 10. klasse heldt óg fram dette året.

Skulane vil seinare i 2013 levera eiga årsmelding for skuleåret 2012/2013. Der vil det vera med fleire opplysningar om drifta på skulane.



***Det vart i 2012 kjøpt inn fleire digitale tavler til skulane. Dette har vore gode hjelpemiddel i opplæringa. Her er ei slik tavle i bruk på Grasdal skule.***

I samband med prosjektet betre læringsmiljø, har tilsette hatt to dagsamlingar. Tema var klasseleing og relasjonsbygging. BroAschehoug har vore fagleg samarbeidspart. Kvar einiskild skule har i tillegg til felles mål for prosjektet, hatt egne satsingsområde som dei tilsette har brukt mykje tid på å gjennomføra.

Vestbygd skule fekk hausten 2012 ta i bruk eit tilbygg som mellom anna inneheld 3 store klasserom som kan delast slik at 6 mindre elevgrupper kan få egne klasserom. Tilbygget inneheldt også 2 grupperom, rom for helsesøster/møterom og arbeidsrom for tilsette. Elles vart uteområdet utbetra slik at ein større del kan nyttast som leikeareal.

Romsituasjonen på Sagstad skule og Grasdal skule var vanskeleg i 2012. Det ein kallar "spesialrom" vart brukte til "vanlege" klasserom. Dette gjorde opplærings situasjonen sers utfordrande både for elevar og tilsette.

Talet på elevar med minoritetsspråkleg bakgrunn auka dette året på dei fleste skular. Dette er born av flyktingar, arbeidsinnvandrarar og familieinnvandra. Utgiftene til særskilt norskopplæring for desse elevane, er det vanskeleg å få med i budsjettprosessen som vart avslutta i september 2011. Desse elevane kjem til skulane til ulike tider gjennom heile året og har rett til opplæring etter § 2-8 i opplæringslova. Hausten 2012 hadde til dømes 10 % av elevane på Grasdal skule minoritets-språkleg bakgrunn.



Talet på elevar som ynskjer bokmål i opplæringa, auka på Grasdal skule, Vestbygd skule og Sagstad skule. Vestbygd skule hadde frå hausten 2012 for første gong klassar delt etter bokmål-/nynorsk på alle årsstega. Dette fører til at elevane må delast i mindre grupper enn det som elles hadde vore naudsynt, og lønsutgiftene vert

***Rosland skule fekk nærversprisen 2012. Bilete ovanfor er frå ei nærverssamling på skulen der mellomtrinnslevane frå trivselsprosjektet demonstrerte trivselsaktivitetar.***

høgare enn med fleire elevar per lærar.

Hausten 2012 var det til saman 59 klassar som fordelte seg slik på skulane:

Grasdal skule 8 (105 elevar), Meland ungdomsskule 6 (167 elevar), Rosland skule 13 (283 elevar), Sagstad skule 18 (310 elevar), og Vestbygd skule 14 (182 elevar).

Administrasjonen på skulane brukar administrasjonssystemet Visma Skole. Dette førte i 2012 til opplæring for ein del tilsette. Meland kommune var også pilotkommune for ein planlagt ny versjon av Visma Skole.

Skulane nyttar digital læringsplanform (e-læringsplattform) til informasjonsspreiing for personalet. Meland brukar It's learning. Denne e-læringsplattformen vart i aukande grad nytta av elevar og lærarar.

### **Vaksenopplæring:**

I alt 15 personar fekk vaksenopplæring i lokale som kommunen leigar i Meland

Arbeidssenter. Det var tilsett fem personar i delstillingar.

14 personar hadde norskopplæring for innvandrarar på Nygård skole i Bergen. I Knarvik senter var Lindås kommune ansvarleg for opplæringa til 20 personar med bustad i Meland kommune. Kommunen får refundert utgifter frå Staten i samband med denne opplæringa.

### **Barnehagesektoren:**

Kompetanseheving for tilsette: 6 assistentar frå to barnehagar i Meland fekk ta vidareutdanning (15 studiepoeng). Dette var eit nasjonalt pilotprosjekt om utdanning der følgjande var med: Fylkesmannen i Hordaland, Stord kommune, Bergen kommune, Norsk Lærarakademi og Høgskulen Stord/Haugesund. Barnehagefaglege rådgjevarar frå kommunane har vore med i styringsgruppa for prosjektet.

I samarbeid med PPT og Bufetat fekk 8 barnehagetilsette høve til å verta sertifiserte i foreldrerettleiingsprogrammet ICDP (Internasjonal Child Development Program).

Ein lærling fekk praksis og rettleiing i barne- og ungdomsarbeidarfaget.

Kommunestyret godkjende bygging av ny privat barnehage (Drømmehagen) med oppstart 1. august 2013. Utvidinga av Blåklokka barnehage var ferdig hausten 2012 og den har no plass til 100 born.

Det var gjennomført tilsyn i barnehagane med særleg fokus på rapporteringar.

Styrarar i kommunale og ikkje-kommunale barnehagar hadde dette året 10 fellessamlingar.



*Frå konferanse i Bergen om Nasjonalt prosjekt for utdanning i barnehagesektoren.*

### **Meland PPT:**

I 2012 la PPT vekt på arbeid med individsaker. Å oppretthalda null ventetid for nytilviste born og unge har hatt høg prioritet. Oppmeldingane til PPT har auka frå 43 nytilviste saker i 2011 til 68 nytilviste saker i 2012. Dette er ein auke på 58%.

PPT hadde ved utgangen av 2012 rundt 230 aktive saker. Den store mengda nytilviste saker og den store totale saksmengda gjer at det vart noko ventetid siste halvåret i 2012.

Samstundes får prioriteringa av kort ventetid konsekvensar for oppfølging i aktive individsaker. Det vert også ei streng prioritering i høve til kva saker søm vert følgde opp.

PPT fekk mindre tid til førebyggjande og systemretta arbeid. Dei systemretta arbeidsoppgåvene er følgjande:

- Nettverksgruppe for spesialpedagogiske kontaktar
- Fokus på tidlig identifisering og tidlig iverksetting av tiltak generelt og særleg når det gjeld samspelsvanskar og foreldrerettleiing.
- Kompetanseheving på kartlegging i skulane.
- Gjennomgang av skulane sine behov for spesialpedagogiske ressursar.
- Delta i basisteam i barnehagane og helseteam på skulane.
- Vera tilgjengelege for personalet på skulane 1 - 2 dagar kvart halvår.

### **Meland kulturskule:**

Ved utgangen av 2012 hadde kulturskulen 263 elevplassar og 15 tilsette. Kurspengar er kr. 3000,- per skuleår og det vert gjeve søskenmoderasjon.

29 elevar som hadde søkt innan fristen, stod på venteliste utan noko tilbod. 97 elevar stod på venteliste for eit tilbod nummer to eller hadde søkt etter fristen.

Meland kulturskule har elevar frå 4 til 19 år. I tillegg er foreldre med born frå 2 til 15 månader med på "Musikk frå første stund". Ved utgangen av 2012 hadde Meland kulturskule elevar med opplæring på treblåsar- og messinginstrument, slagverk, piano, keyboard, bass og gitar. Ein del hadde óg opplæring i band og song.



**Bilete frå opning av atelieret i det gamle bassengbygget ved Sagstad skule med danselærer Sølvi Øvretveit og ein elev. Kunstelevar har dekorert og mala vegger og golv. (foto avisa Strilen)**

Visuell kunst, teater og dans hadde til saman 82 elevar. Elevar frå 1. og 2. klasse var med på "Grunnkurs". Ei gruppe elevar med samansette opplæringsbehov fekk også eit tilbod. Kulturskulen selde også dirigenttenester til skulekorpsa på Sagstad og Rosland skular. I samband med prosjektet "Allkultur for alle", har dei fire barneskulane fått vitjing av to teaterpedagogar og ein dansepedagog til gratis kurs i SFO-tid. Over 100 elevar har fått høve til å læra meir om teater, musikk og dans gjennom dette "lavterskeltilbodet". Dei har arbeidd med "devising theatre", dvs at elevane har vore med på å utforma karakterar i tillegg til replikkar og scener. Dei har óg arbeidd med kunstuttrykk som musikk og dans og har laga enkle rekvisittar og scenografi.

### **Meland bibliotek:**

Aktiviteten vart høg ved å lansera "Sommarles" for barn frå 0 til 13 år. 114 barn deltok og dette førte til at utlånet til barn auka med 51 % frå året før. For dei vaksne lånarane vart det arrangert "Haustles" og "Vinterles". Her var det ikkje så mange deltakarar, men personalet hadde bokprat både på rådhuset og på biblioteket. I tillegg vart det arrangert eventyrstund, utstillingar og lesestunder. Hausten 2012 vart nettsida <http://mittnordhordland.no> opna med eit nytt søkesystem og ein sterkt forbetra presentasjon av både biblioteka og tilboda. Utlånet har, trass mykje høgare utlån av barnebøker gått ned med nesten 10 %. Besøket er om lag på same nivå som året før.

### **Meland Frivilligsentral:**

Følgjande prosjekt kan nemnast: Nattevandring på Frekhaug, hobbykveld for damer, Den Kulturelle Spaserstokken, tilbod til born og ungdom med ekstra tilrettelegging i samarbeid med Meland Motorsportklubb, treningskontaktkurs i Nordhordland og oppstart av arbeid med besøksteneste i samarbeid med Nordhordland Røde Kors, Meland kyrkjekontor og Meland bibliotek.



*Samarbeidsprosjekt mellom Meland Musikklag, Sagstad og Rosslund skulekorps i oktober 2012. Dirigent er Glenn Sørskår Rosslund skulekorps. (foto avisa Strilen)*

## **Kap. 7. Kommunalavd. for helse- og sosialtenester**

### **7.1 MÅLSETJING**

Helse- og sosialtenesta søker heilskapleg og koordinert tenesteyting i høve til Meland kommune sin visjon: Eit samfunn for alle. Kommunalavdelinga har ei overordna målsetjing i Strategidokument Helse- og sosialtenesta 2011-2012: *”Vi skal gjennom kompetente medarbeidarar yte heilskaplege tenester med god kvalitet basert på respekt og toleranse for den einkilde brukar.”*

Strategidokumentet har 2 årig perspektiv, der alle tenesteområde er inkludert. Dokumentet er del av avdelinga sitt målstyrings- og kvalitetssystem, saman med t.d. ulike sektorplanar og kompetanseutviklingsplanar. Dokumentet vert årleg evaluert og vidareutvikla. Aktuell mål-/resultatoppnåing 2012 har slik grunnlag i ulike mål, delmål og tiltak for kvar einiskild avdeling, samt at det er fellestiltak på tvers av avdelingane.

Avdeling	Mål-/resultatoppnåing 2012
<b>Administrasjon og merkantile tenester</b>	<ul style="list-style-type: none"> <li>• Trygge og sikre elektronisk arkivering jamfør lov og forskrift</li> <li>• Kvalitetssikre og vidareutvikle prosedyrer og rutinar jamfør lov og regelverk for tenestene</li> <li>• Kvalitetssikre og vidareutvikle maler i fagsystema i tråd med gjeldande lov og regelverk for tenestene</li> <li>• Utføre pålagte arkivrutinar i høve Meland kommune sin arkivplan, Lov om arkiv og andre gjeldande retningslinjer.</li> <li>• Vidareutvikla og kvalitetssikra generell drift og utvikling innan kvar einskild avdeling</li> <li>• Sikra fortsatt vidareutvikling av heilskaplege og koordinerte tenester innan kommunalavdelinga</li> </ul>
<b>Psykisk helseteneste</b>	<ul style="list-style-type: none"> <li>• Bidra til å fremje sjølvstende, tilhøyring og styrke evna til å meistre eige liv for menneske med psykiske lidningar.</li> <li>• Har etablert tilgjengelege tenester utover kontortid (kl 0800-2000).</li> <li>• Oppnå god ressursutnytting gjennom prioriteringssystem for henvisningar.</li> <li>• Utvikle eit gruppetilbod på tvers av avdelingane.</li> </ul>
<b>Helsestasjon</b>	<ul style="list-style-type: none"> <li>• Arbeida for å gje born og unge best mogeleg tilbod for å førebyggja fysiske og psykiske sjukdommar.</li> <li>• Møta brukarane med fagleg kompetanse og respekt.</li> <li>• Gjennomføra smittevernarbeid, samt god fysisk og psykisk helse hos flyktningar</li> </ul>
<b>Legetenesta</b>	<ul style="list-style-type: none"> <li>• Sikre allmennlegetenester av høg kvalitet gjeve av eit kompetent personale.</li> <li>• Sikre tiltrekkelig fastlegedekning.</li> <li>• Trivselsfremjande tiltak.</li> </ul>
<b>NAV Meland, kommunal del</b>	<ul style="list-style-type: none"> <li>• Bidra aktivt til å gje alle mulighet til å koma i arbeid.</li> <li>• Bidra aktivt til å gje alle born og unge mulighet til å delta og utvikle seg.</li> <li>• Bidra aktivt til å betra levekåra for dei vanskelegaste stilte.</li> <li>• Tidleg intervensjon til ungdom opp til 24 år.</li> <li>• Framhald kvalitetsforbetring på individ og systemnivå</li> <li>• Busetting og oppfølging flyktningar</li> <li>• Sikre at NAV kommune kan levere gode tenester på rett nivå til rett tid.</li> <li>• Sikre tilgjenge til mellombels husvære</li> <li>• Gjennomført brukarundersøking</li> </ul>
<b>Barneverntenesta</b>	<ul style="list-style-type: none"> <li>• Bidra aktivt for å sikre at barn og familiar får ein god og trygg kvardag.</li> <li>• Vidareutvikle kompetanse på tidleg identifikasjon og intervensjon.</li> <li>• Sikre opplæring og innføring av ny undersøkingsmetodikk med særleg fokus på risiko- og beskyttelsesfaktorer.</li> </ul>
<b>Meland Heimeteneste</b>	<ul style="list-style-type: none"> <li>• Vidareutvikle god kvalitet på tenestene, og sikre at krav i kvalitetsforskrifta vert følgd.</li> <li>• Bidra aktivt til eit godt arbeidsmiljø og høgt arbeidsnærvar</li> <li>• Bidra aktivt til å sikre rekruttering av personale med naudsynt kompetanse</li> <li>• Betra og effektivisera informasjonsflyt og informasjonssikkerhet innan tenesteytinga.</li> <li>• Gjennomført brukarundersøking</li> </ul>
<b>Meland sjukeheim</b>	<ul style="list-style-type: none"> <li>• Fokus på individuell omsorg og pasientsikkerhet jamfør lov og forskrift</li> <li>• Utvikla kvalitetssystemet for å ivareta brukarmedverknad samt å sikra pasienten sine omsorgs- og ernæringsbehov.</li> <li>• Utvikla kvalitetssystemet for å sikra gode haldningar hos personalet m.o.t. dialog og samhandling mot pasient og pårørande.</li> <li>• Sikra kompetanseheving og utvikling av personalet.</li> <li>• Bidra aktivt i planlegging og førebuing av tilbygg Meland sjukeheim.</li> <li>• Gjennomført brukarundersøking</li> </ul>
<b>Felles mål innan helse</b>	<ul style="list-style-type: none"> <li>• Sikre framhald og vidareutvikling av heilskapleg og koordinert tenesteyting.</li> </ul>

<b>og sosial</b>	<ul style="list-style-type: none"> <li>• Tilpasse organisasjon, leiarorganisering m.v. til nytt lovverk samt samhandlingsreform</li> <li>• Kvalitetssikre forsvarleg og samordna drift og utvikling innan alle tenestoområda.</li> <li>• Bidra til kompetanseheving, internopplæring og vidareføring av kompetanseutviklingsplan.</li> <li>• Fremja folkehelse og førebyggjande verksemd i arbeidet med kommuneplan.</li> <li>• Vidareført Prosjekt Samhandling 2012</li> <li>• Vidareført Prosjekt kvalifisering og aktivisering 2012</li> <li>• Etablere planarbeid for samordning av 5 delplanar i ny Helse og omsorgsplan 2012-2015 - pleie og omsorg, psykisk helse, rusmiddel, bustadsosial samt habilitering og rehabilitering..</li> </ul>
------------------	--

## 7.2 VURDERING AV RESULTATOPPNÅING

Aktuell resultatoppnåing på tiltaksnivå innan ein skilde avdelingar, er i hovudsak relatert til strategidokument Helse- og sosialtenesta. Administrasjon har årleg strategikonferanse der ein vurderer mål, delmål og tiltak for å evaluere resultatoppnåing. Ein legg og strategiar for komande år. Det vert kontinuerleg arbeida med å dokumentere, måle og informere om kvalitetsnivå på forvaltning og tenesteyting.

Forvaltning (post, sak, arkiv) og sakshandsaming av inn- og utgåande dokument/søknader er ei sentral oppgåve som legg føresetnader for enkeltvedtak og individuell tenesteyting. Forvaltning har kontinuerleg krav til resultat med omsyn til forsvarleg drift innan alle tenestoområda jamfør lov og forskrift.


I 2012 er det registrert og handsama totalt 12.038 dokument/søknader innan følgjande fagsystem: barnevern, sosial/NAV, websak og CosDoc Det er ein liten nedgang frå 2011. Nedgangen frå 2012 kan skuldast oppstart i bruk av E- meldingar i fagprogrammet CosDoc og elektronisk samhandling mellom legekantor og heimesjukepleien. Kommunalavdelinga arbeider målretta og systematisk for å effektivisere og betre forvaltninga via nye elektroniske løysingar.

Døme på aktuelle gjennomførte tiltak innan pleie og omsorg er innføring av skanning av all inngåande post, elektronisk fakturering av heimetenester, endring av rutine for sakshandsaming inntaknemnd og ny rutine for elektronisk registrering av hjelpemiddel i CosDoc, samt oppstart av E-meldingar.


## 7.3 ØKONOMISK OMTALE

Ansvarsområder	Budsjettramme 2012	Justert budsjettramme 2012	Rekneskap 2012	Avvik
300 Helse og sosial	12 340 000	12 271 000	13 214 300	943 300
305 Psykisk helse	3 241 000	3 185 000	3 032 500	-152 500
310 Helsestasjon	2 216 000	2 214 000	2 163 800	-50 200
320 Legekantor	9 825 000	9 488 000	8 560 300	-927 700
350 Sosiale tenester	14 104 000	14 631 000	15 572 700	941 700
360 Barnevern	8 135 000	7 471 000	8 289 200	818 200
371 Meland sjukeheim	24 921 000	26 559 000	30 371 300	3 812 300
372 Meland heimetenester	45 069 000	46 414 400	48 010 900	1 596 500
<b>Sum</b>	<b>119 851 000</b>	<b>122 233 400</b>	<b>129 215 000</b>	<b>6 981 600</b>

### Utvikling brutto driftsutgifter i mill. kroner.



### Utvikling netto driftsutgifter i mill. kroner.



#### Kommentarer:

**Helse og sosial:** Meirforbruk er i hovudsak relatert til auka kostnader medfinansiering jamfør samhandlingsreform.

**Psykiske helse:** Mindreforbruk er i hovudsak knytta til vakansar i stillingar (refusjon sjukepengar).

**Helsestasjon:** Mindreforbruk er i hovudsak relatert til vakansar i stillingar (refusjon sjukepengar).

**Legkontor:** Mindreforbruk er i hovudsak relatert til meirinntekter refusjon stat og HELFO. Vidare er meirinntekter på kr 550.000 eksterne tilskott frå Helsedirektoratet til utdanning av allmennlege og ekstra eingongstilskot knytt til oppretting av ny legeheimel.

**NAV, sosiale tenester:** Meirforbruk er i hovudsak relatert til manglande inntekter (refusjon stat) jamfør budsjett. Det er budsjettert med for høgt inntektsgrunnlag.

**Barnevern:** Meirforbruk er i hovudsak relatert til kjøp av tenester frå stat samt ekstern konsulentbistand. I tillegg vart det i 2012 utført rammeoverføring frå barnevern med kr. 500.000 til pleie og omsorg.

**Meland sjukeheim:** Meirforbruk er i hovudsak relatert til 2 områder. Det første omhandlar bruk av vikar ved sjukdom kombinert med regulativbestemte tillegg. I tillegg har det vore vurdert naudsynt å kjøpe inn omfattande vikartjenester via byrå. Årsaka er samansett, men kan mellom anna knyttast mot ønskje om raskt å ta imot utskrivningsklare pasientar (samhandlingsreform), pasientane har hatt svakare helsetilstand og ein har hatt fleire vedtak på korttidsopphald. I tillegg har utfordringar med ferieavvikling for fast personell medført auka kostnader. Det andre omhandlar tap av inntekt jamfør refusjon ressurskrevjande tenester. Refusjonsgrunnlag er sårbart på individnivå.

**Meland heimeteneste:** Meirforbruk er i hovudsak relatert til 2 områder. For det første vikarkostnader grunna sjukdom fast personell. Årsaka er samansett, men kan mellom anna relaterast mot ønskje om raskt å ta imot utskrivningsklare pasientar (samhandlingsreform) og

pasientane har hatt svakare helsetilstand med krav til tettare oppfølging i eigen heim. For det andre har ein hatt auka omfang vedtak om avlastningstiltak born/unge. Administrasjon iverksette ekstern vurdering av kostnadseffektiv drift innan pleie og omsorgstenesta hausten 2012. Deloitte fekk i oppdrag å gjennomgå Meland kommune sin pleie- og omsorgsverksemd, gjere vurderingar av driftsnivået og foreslå alternative tiltak både på kort og langt sikt. Rapporten dokumenterer at driftsnivået innan pleie- og omsorgstenestene pr. i dag gir handlingsrom for å starte naudsynt omstilling, jamfør BEON-prinsippet, innanfor eksisterande drift. Rapporten er tilgjengeleg på: <https://www.meland.kommune.no/Filnedlasting.aspx?Mid1=813&FilId=1196>

## 7.4 AKTIVITET 2012

### Administrasjon:

I tillegg til administrering av daglege drifts- og utviklingsoppgåver har ein m.a. arbeidd med:

- Gjennomføring av tiltak innan ulike sektorplanar; Bustadsosial handlingsplan, Rusmiddelplan, Plan for psykisk helse samt Pleie og omsorgsplan.
- Tiltak i tråd med gjeldande strategidokument,- ikkje minst fokus på tverrfagleg samhandling og kvalitetsutvikling.
- Deltaking i ulike interkommunale og andre samarbeidsfora.
- Vidareføring av 2 statleg finansiserte prosjekter med samla 3 årsverk.
- Vidareført rekrutteringstiltaket Sommarjobb PLOMS for ungdom i 9. og 10 klasse.
- Kontinuerleg kvalitetssikre og videreutvikle maler og prosedyrer innan databehandlingssystem; Acos sosial, Acos barnevern, Acos CosDoc.
- Innføring av ny ressursmodul innan CosDoc – hjelpemiddel og E- meldingar.
- Etablert lokal funksjon som koordinator for systemansvarlege for Acos Sosial og Acos barnevern i Nordhordland. Er og kontaktperson i faggruppa for Acos sosial og Acos barnevern saman med Acos, samt IKT- kontakt inn mot felles IKT i Nordhordland.
- 



Markering på dagsenteret Meland sjukeheim. (foto avisa Strilen)

### Psykisk helseteneste:

Type	2010	2011	2012
Pasientar	104	121	114
Nye henvisningar	58	41	46
Inntak behandling	48	54	46
Pasientar med IP	12 (11 %)	27 (22 %)	22 (19 %)
Avslutta tenester	32	42	49
Behov for heilskapeleg og koordinert teneste	25 (24 %)	41 (33 %)	41 (35 %)
Tal på pasientar som og har samarbeid m ploms.	15 (14 %)	21 (17 %)	24 (21 %)
Tal på pasienter som og har samarbeid med DPS	28 (27 %)	41 (33 %)	39 (34 %)
Tal på pasienter som har vedtak			21 (18 %)
Tal på pasienter som er under 18 år	1 (0,9 %)	0	2 (1,7 %)

### Diagnose/problemstilling:

Psykose/schizofreni: 12 %, Bipolar lidelse: 4 %, Depresjon/angst: 39 %, Personlighetsforstyrrelse: 4 %, Kriser: 7 %, Asberger: 4 % og andre: 4 %.

### Fysioterapi / ergoterapitenesta

For fysioterapitenesta er det ikkje ført statistikk.

For ergoterapi: Ikkje ført statistikk (2011: 150-200 brukarar). Største volum innan søknadar og opplæring knytta til bruk av hjelpemidlar, samt heimebesøk.

### Helsestasjon

Aktivitet	2011	2012
Fødsjar	95	120
Nye helsekort	95	102
Sendt helsekort	68	42
Nye born	27	60

### Legetenesta:

Pasientaktivitet: Ordinære legekonsultasjonar:

Frekhaug Legesenter: ca 11.428 (10.800 i 2011), Helsenautet: 5826.

Ny legeheimel oppretta frå august 2012.

Prosjekt "jordmor heim" er avslutta, og innlemma i ordinær drift fra årsskiftet 2012/2013.

Tiltaket har kontinuerleg brukarundersøking med sær gode evalueringar.

### NAV Meland, sosialkontor:

Type	2010	2011	2012
Hustandar økonomisk.sosial hjelp	185	211	188
Interim	13	7	5
Gjeldsrådgeving	50	63	66

Ein vidareførte gjeldsførebyggjande tiltak "Ungdomens Gjeldsrådgeving" i ungdomsskulane, kombinert med det rusførebyggjande tiltake "Kast Masken".

Kommunen fekk og vidareført tildeling av statlege prosjektmidlar for eit årsverk til Prosjekt Kvalifisering og aktivisering. Her er arbeid med den nye Kvalifiseringsstønaden inkludert.

Generelt syner brukarundersøkinga ei generell betring av resultat jamfør tilsvarende undersøking i 2011.


### Barneverntenesta:

Type	2010	2011	2012
Meldingar	102	125	112
Barn i institusjon	5	2	5
Barn under omsorg	14	14	15
Tvangsplassering	5	2	0

Det er og 22 fosterbarn plassert i Meland av annan kommune. Det var i 2012 ei generelt stor aktivitet innan barnevernet. Omfang saksmengde/meldingar kan positivt sett tyda på tilgjengelege tenester og at ein gradvis oppfatar tenesta som eit reelt hjelpetiltak. Barnevernstenesta arbeider med fleire kompliserte saker, og det er ei utfordring (ressursar) å etablere eigne lokale tiltak for målgruppa. Meland kommune bør ytterlegare søke å samordne tiltak med omsyn til å styrkje det førebyggjande arbeidet via tidleg identifikasjon og intervensjon.

I forhold til samanlignbare kommunar er barnevernstenesta lågt bemanna. Kommunen har eit relativt høgt tal saker pr. tilsett.

### Utvikling tiltak i/u familie



### Meland sjukeheim:

I 2012 har Meland sjukeheim disponert 24 pasientsenger. Disponering av tal senger er fordelt som følgjer: 28 langtidsplass (2011:32) og 55 korttids plass (2011:42). Data synleggjer at ein i 2012 hadde reduksjon i tal personar med langtids plassar og auke i tal personar med korttids plass. Dette er mellom anna relatert til samhandlingsreforma. Generelt er det høgare kompetansekrav og kostnader med forsvarleg oppfølging av korttidspasientar.

I tillegg disponerer ein 12 omsorgsbustader samlokalisert i Lerketunet for heildøgns tenestetilbod for personar med demens.

Det er gjennomført mål- og kvalitetsarbeid i samsvar med strategidokument 2011-2012 inkludert utforming av ulike retningsliner/prosedyrar.

Sommarjobb 2012 – ”Jobb i kommunen – jobb med meaning”. Ungdomar i 9. og 10 klasse i Meland vart invitert til å søkje somarjobb ved dagsenter og Lerketunet. Av alle søknadane vart 4 flotte ungdomar vald ut etter intervju, og dei gjennomførte eit godt arbeid til glede for både brukarar, personale og truleg seg sjølv.


Det er og produsert film knytta til tiltaket, som er ledd i kommunen sin rekrutteringsstrategi. Filmen kan sjåast her: <http://www.youtube.com/watch?v=3Ypwe9Ec25Q>

På dagsenteret var det registrert 27 heimebuande (2011:26) som har nytta tilbud 1-5 dagar pr veke. Dagsenteret er eit viktig tiltak for å førebyggja fast institusjonsinnlegging, slik at brukarane kan halde fram med å bu i eigen heim lengst mogleg.




*Meland sjukeheim sin nye bil til transport-tenester som vart levert våren 2012. (foto avisa Strilen)*

### Brukarundersøking Dagsenter – svarprosent 76%



### Brukarundersøking institusjon og Lerketunet – svarprosent 84 %




### **Meland heimeteneste**

Teneste	2011	2012
Heimesjukepleie	190	198
Praktisk bistand	134	132
Matombringing	62	75
Avlastning born/unge	30	22
Brukarstyrt personleg assistent	7	7

Etablert dagtilbod for ungdom med nedsett funksjonsevne som er finansiert med legatmidlar Ramberg er vidareført i 2012 med lokale Rema 1000-bygget i Frekhaug senter. Her kan ein sjå film frå opning av tilbodet i 2010: <http://www.tvnordhordland.no/video/legatmidlar-gav-fritidstilbod>

### Brukarundersøking heimetenesta – svarprosent 67 %.





*Meland heimeteneste sone nord. (foto avisa Strilen)*

## Kap. 8 Kommunalavdeling for natur, næring og tekniske tenester

### 8.1 MÅLSETJING

I 2012 tok ein sikte på å komme ajour også med plansaks-handsaminga. Eit anna viktig mål var å løyse utfordringane innan GIS- og prosjektstyringsfeltet, med sikte på optimal organisering og kompetanseheving. Vi skulle prioritere kommuneplanarbeidet – særleg samfunnsdelen, og med kommunal planstrategi. Områdeplan for Frekhaug sentrum skulle fremjast for slutthandsaming. Når det gjeld vedlikehaldssituasjonen for kommunale bygg og anlegg var økonomisk usikker, men målsettinga var å få mest mogeleg ut av økonomiske og personellmessige ressursar for å unngå større verditap. Det var eit mål å få opp driftsbygningen i Melandsskaret slik at bilar, anleggsmidlar og utstyr kunne bli betre teke vare på.

Generelt ønskte vi å ha fokus på arbeidsmiljø og organisasjonsutvikling med sikte på å oppnå rasjonell og effektiv forvaltning og saksbehandling, med høg kvalitet. Rådmannen sitt fokus på målstyring og omdømmebygging var viktig i høve til avdelinga sitt oppgåvefelt. Målsettinga var framleis å fokusere på informasjon og gode samhandlingsrutinar mellom

administrasjon / eigne fagfolk og innbyggjarar / brukarar / tiltakshavarar / utbyggjarar /entreprenørar innafor ulike arbeidsfelt.

## 8.2 VURDERING AV RESULTATOPPNÅING

I 2012 kom vi langt på veg à jour med plansaks-handsaminga, etterslepet er redusert og vi nærmar oss normal drift. Vi fekk tak i ein godt kvalifisert GIS-konsulent, og arbeidet med kommuneplanen har hatt god framdrift. Områdeplanen for Frekhaug sentrum har teke lengre tid enn venta på grunn av motsegn frå regionale mynde, med krav om endringar og nytt offentleg ettersyn. Trafikksikringsplanen er revidert. Vedlikehaldsplanen for kommunale bygg er følgt, men med lågare budsjett enn tidlegare år og færre tiltak gjennomført enn tanken var.



*Det vart skifta noko kledning og malt del av Meland ungdomsskule i 2012. (foto Jens Dahl)*

Driftsbygningen i Melandsskaret er oppført. Det har vidare vore stort fokus på den overordna organisasjonsgjennomgangen.

Kompetansen innan prosjektstyring og kontraktsrett er vesentleg oppgradert i 2012. Frå 1. september vart ansvaret for oppfølging av kommunen sine utbyggingsoppgåver overført frå rådmannen til kommunalavdeling NNT.

Ressurstilgangen har som vanleg vore stram, ei av utfordringane har vore m.a. å oppretthalde dagens vedlikehaldsstandard på bygningar og anlegg. Med nøkterne budsjettrammer har dei tilsette vore fleksible og kreative, og fått utført mykje godt vedlikehald, særskilt på skulane - med Rosslund skule i ei særstilling. Meland kommune har elles framleis som mål å bruke lite energi i kommunale bygg. Her ligg kommunen på Noregstoppen.

Vi har også hatt ei utfordring i å ta vare på / bygge opp under eit godt arbeidsmiljø i ein travel kvardag. Arbeidsmiljøet ved avdelinga er tilfredstillande, men prega av høgt arbeidspress. Sjukefråvêret er likevel relativt lågt, om ein ser vekk frå langtidssjukefråvêret.

I 2012 vart avtalen om interkommunalt samarbeid om tilsynstjenestene innan plan- og bygningslova gjennomgått, revidert og godkjent; Nordhordland og Gulen Interkommunale Tilsynskontor NGIT, med Lindås som vertskommune.

### 8.3 ØKONOMISK OMTALE

Avdelinga har på utgiftssida og inntektsida halde seg innafor budsjetterte rammer med god margin. Gebyrinntektene innan byggje- og delesakshandsaming har vore høgare enn venta.

Ansvarsområder	Netto budsjetttramme 2012	Justert budsjetttramme 2012	Netto rekneskap 2012	Avvik
400 Landbruk	1 422 000	1 400 000	994 000	-406 000
600 Tekniske tenester	6 909 000	6 783 000	6 066 500	-716 500
610 Drift og vedlikehald	20 212 000	20 250 000	20 443 000	193 000
611 Vatn og avlaup	0	63 000	0	-63 000
<b>Sum</b>	<b>28 543 000</b>	<b>28 496 000</b>	<b>27 503 500</b>	<b>-992 500</b>


#### Kommentarer:

Sjølvkostrekneskapen for vatn og avlaup syner overskot stort kr. 3.507.543,- som er overført til bunde driftsfond. Saldo driftsfond er pr. 31.desember 2012:


- Vassverk kr. 3.535.662,-
- Avlaup kr. 5.903.893,-

Hovudårsak til mindreforbruk på ansvar landbruk og tekniske tenester er i stor grad innsparing vakante stillingar og meirinntekter.

#### Utvikling brutto driftsutgifter tekniske tenester i millionar kr. (ekskl.landbruk)



#### Utvikling netto driftsutgifter tekniske tenester i millionar kr. (ekskl.landbruk)



Svingningar i netto driftsutgifter i perioden skuldast i stor grad variasjon av inntektsført momskompensasjon frå investeringar.

## 8.4 AKTIVITET 2012

### Saksmengde

	2009	2010	2011	2012
Samla tal delegerte saker	541	524	587	537
Samla tal utvalssaker (medrekna tidl. PLU)	167	130	178	127

Delegerte saker omfattar byggjesak, delingssak, utsleppssak, tilknytningssaker, adressevedtak, seksjoneringssaker, tilskotssaker, jordlovssaker mm.



*Gymnastikksalen på Rossland skule vart rehabilitert i 2012.  
(foto Jens Dahl)*

### Reguleringsplanar

	Private planar	Offentlege planar
Vedtak om offentlig ettersyn	5	1
2. gongs handsaming / godkjent sak i UDU	2	0
Godkjent av kommunestyret	0	0
Planprogram i kommunestyret	1	0

Arbeidet med områdeplan for Frekhaug sentrum har gått for fullt, men forseinka på grunn av sein respons frå regionale mynde.

### Byggjesaker

	2009	2010	2011	2012
Innkomne søknader totalt	232	349	379	488
Nye tiltak	165	237	240	204

### Registreringar i Matrikkelen

	2009	2010	2011	2012
Nye grunneigedomar medrekna seksjonering	101	44	150	199
Matrikkelbrev (målebrev)	61	39	131	166
Seksjonerte eigedomar	8	4	9	9
Nye bygningsidentar	102	122	92	144
Bygningar meldt tekne i bruk / meldt ferdig	77	61	98	75
Nye adresser	59	53	92	193

Det er stor aktivitet med utbygging i Meland og dette har innverknad på tal oppmålingsforretningar, både når det gjeld deling av eigedomar og seksjonering av eigedomar med oppmåling av uteareal til desse. Kommunen har halde gjennomføringsfristen på 16 veker for fullføring av oppmålingssakene.

Som ei følge av vidare utbygging i Mjåtveitmarka har kommunen omadressert og godkjent 2 nye adresseparsellnavn i 2012: Sveåsen og Mjåtveitstø. Tal nye adresser i tabellen inkluderer også gjennomførte omadresseringar.

I 2012 har det ikkje vore nykartlegging i Meland ut over det årlege vedlikehaldet etter innleverte ajourhaldsdata. Leveransen av nye flyfoto frå 2011 (ortofoto) vart forseinka og vart ikkje levert i løpet av 2012, slik som forventa.

Det har vore gjennomført ei massivregistrering av umatrikulert kommunal veggrunn. Her har 49 av totalt 71 kommunale vegar fått tildelt eige matrikkelnummer ( gnr/ bnr).

### Nøkkeltal jordbruk 2012

	Tal	Verdi i kr
Søknader om produksjonstilskot	59	7 150 097
Søknader om avløysartilskot	36	1 143 024
Søknader om tilskot frå regionalt miljøprogram	21	176 235
Søknader om miljøtiltak i landbruket (SMIL)	14	238 000
Totalt	121	8 707 356,-
Søknad om kommunalt tilskott	1	20 000,-
Sjukeavløysing	5	
Eigenerklæring om konsesjonsfritak	118	
Søknader handsama etter konsesjonslova	4	
Søknad handsama etter Jordlova	8	
Søknad om bygdeutviklingsmidlar	2	
Gjødselplanar, miljøplanar	12	

Avdelinga tek del i utvikling av tilbod innan "Inn på tunet", lokal matforedling og småskala reiseliv og bidreg med råd og rettleiing innanfor heile fagfeltet landbruk. Avdelinga deltek aktivt del i bygdeutviklingsprosjektet livOglyst, der Kårbøbygda er med. Prosjektet har medverka til samarbeid, samhandling og struktur i bygda, og det er god aktivitet på utvikling av næring m.a. er det under bygging lokale for gardsmat, servering og Inn på tunet.

Prosjekt Glade bønder er eit 2-årig regionalt prosjekt med visjon om å skapa glød og begeistring for landbruket i Nordhordland, særleg med fokus på unge/nye bønder. Arbeidet omfattar å arrangera kurs, temakvelder, studieturar m.m for nettverksbygging og fagleg påfyll. I 2012 hadde ein 9 arrangement med til saman meir enn 100 deltakarar.

Avdelinga er med i *Team Nordhordland* som 12. januar arrangerte Inspirasjonskonferansen På Skattejakt i Nordhordland, på Strilatun. Tema var utvikling av kultur- og naturbasert næringsutvikling. 120 deltakarar. Avdelinga har også vore medarrangør på ein internasjonal

konferanse, North Atlantic Native Sheep og Wool Conference som samla deltakarar frå mange av våre naboland i vest og hadde fokus på korleis ta vare på og utvikla villsauen. Som ein del av konferansen vart det gjennomført ein prøveproduksjon av det første industrielt framstilt villsaugarn i Noreg, dette i samarbeid med Hillesvåg Ullvarefabrikk.

Ein har elles fullført studie i samfunnsentreprenørskap ved Høgskulen for landbruk og bygdeutvikling (HLB). Avdelinga har hatt besøk av landbruksforvaltninga i Steinkjer som ville sjå korleis ein jobba med utvikling av mangfold i landbruksnæringa. Landbruksminister Trygve Slagsvold Vedum var på gardsbesøk hjå mjølkeprodusent Helge Henanger.

I samband med revisjon av kommuneplanen er det registrert Kjerneområde landbruk i kommunen, som er dei landbruksareala som er viktig for framtidig matproduksjon, kulturlandskap og skogbruk. Elles er det utarbeidd ny strategi for SMIL og NMSK

Avdelinga er utleigd til Modalen kommune ein dag i veka, og har faste kontordagar på Mo. Kommunen har elles driftsansvar for veterinærvakt for kommunane i Nordhordland, og betalar ut vaktrefusjon på vegne av staten.

### Nøkkeltal skogbruk

	2009	2010	2011	2012
Hogst av tømmer og ved	2000 m <sup>3</sup>	1500m <sup>3</sup>	2000 m <sup>3</sup>	1800 m <sup>3</sup>
Tilskot til veganlegg stat og kommune	109 882,-	134 398,-	0	0,-
Tilskot NMSK	24 228,-	10 228,-	24 251,-	27 375,-
Kommunalt tilskot Skogkultur	23 551,-	8 643,-	9 672,-	12 286,-
Etterrydding plantefelt	12 daa	0 daa	0	15 daa
Avstandsregulering lauvskog	19 daa	15 daa	15 daa	41 daa
Planting juletre / skog	1 600	3 300	5 000	5 000
Bruk av skogfond		3 108,-	4 000,-	0

Det er starta arbeid med områdeplan for skogsvegar i kommunen.

### Nøkkeltal miljø og viltforvaltning

	2009	2010	2011	2012
Felling hjort	1149	143	160	167
Fellingsprosent	93,13	89,3	91,4	85,2
Påkjørsel hjort / søk	3	3	3	2
Løyving frå viltfondet	40 789,-	131 387,-	50 998,-	46 000,-

Det er gjennomført vårteljing m/lys av hjort på groen over to helger i byrjinga av april. Kommunen har vore med i eit 5 årig merkeprosjekt for hjort som vart avslutta i år.. Sluttrapport kjem hausten 2013.

Det har vorte halde eit møte med dei valdansvarlege.

### **Kommunale bygg.**

Tal utleigebustadar er 106 stk. Fleire av utleigebustadene er oppussa innvending, og i nokre er det sett inn nye kjøkken.

I 2012 er det gjort eit stort vedlikehaldsarbeid på fleire skular. Størstedelen av innsatsen er retta mot Rossland skule og Meland Ungdomsskule.

Avdelinga har også hatt arbeid m.a. med oppussing av bustader. Arbeidet med drift og vedlikehald av tekniske hjelpemiddel og tryggleiksalarmar har også stort omfang.

***Ny stor traktor vart kjøpt hausten 2012. (foto Jens Dahl)***



### **Veg, vatn, avlaup og grøntanlegg**

I 2012 vart det bygd eit nytt garasjebygg på Melandskaret. Alt grunnarbeid vart utført av avdelinga sjølv.

Det vart i 2012 tilsett ein ny drifts- og vedlikehaldsarbeidar innan vatn og avlaup Ca 2,5 km av Bjørndalsvegen vart asfaltert.

Io kaien er rehabilitert, arbeidet er utført av kommunen sine egne tilsette. Det er kome mange gode tilbakemeldingar. 2 av dei gamle traktorane vart skifta ut med nye.

***Felleskjøpet gjev opplæring på bruk av liten traktor som også vart kjøpt i 2012 (foto Jens Dahl)***



I 2012 hadde vi som vanleg ei stabil vassforsyning med god vasskvalitet. Det er skifta ut serviceventilar i mange eldre vasskummer.

Avlaupsnettet i Frekhaugmarka og Paktahusmyra er bygd om for å redusere driftskostnadane.

### Investeringsoppgåver

Prosjekt	Status
Asfaltering kommunale vegar	Årlege prosjekt, gjennomført.
Avlaup Kårbø - Landsvik	Gjennomføring starta i 2011, ferdigstilt 2012
Vassleidning Kårbø - Landsvik	Gjennomføring starta i 2011, ferdigstilt 2012
Vassleidning Vollo - Tveit	Prosjektering starta i 2011, ferdigstilt 2012
Vassleidning Fløksand - Vikebø	Gjennomføring i full gang
Slamavskiljar Orrhøyen	Avklaringar med grunneigarar i 2012
Tilbygg Vestbygd skule	Prosjektering starta i 2011, ferdigstilt 2012
Tilbygg Meland sjukeheim	Klargjering og anbodsinnhenting i 2012
Lagerbygg Melandsskaret	Gjennomført
Trafikksikringstiltak	Fortau og fotgjengarfelt ved Meland ungdomsskule er gjennomført

### Mål for 2013

I 2013 er det eit mål å vere fagleg aktiv i regionale nettverk i Nordhordland og elles i Hordaland. Dette for å ivareta fagleg utvikling slik at kommunen får tak i dei best kvalifiserte medarbeidarar på alle felt. Arealdelen til kommuneplanen skal ut på høyring, områdeplanen for Frekhaug sentrum skal bli ferdig. Vedlikehaldssituasjonen for kommunale bygg og anlegg er økonomisk usikker. Økonomien er ei stor utfordring, og det er eit mål å utgreie og synleggjere sårbare område og kva konsekvensar det har for kommunen dersom det ikkje er ressursar til å stette fundamentale krav for ei god samfunnsutvikling. Det er elles viktig for avdelinga å halde eit høgt fagleg nivå med profesjonell tilnærming til alle oppgåvene som skal løysast, og bruke personellressursane på best mogeleg måte. Avdelinga vil støtte alle reelle rasjonaliserings- og effektiviseringstiltak.

Arbeidet med å revidere tiltaksplanane for vatn og avlaup startar i 2013, etter eit førebuande arbeid med resipientundersøkingar i sjø og vassdrag og sårbarhetsanalyser for vassforsyninga. Vi vil ta i bruk felles VA-norm som fleire kommunar i Hordland har samarbeidd om, og søkje om det er interesse for felles vegnorm i tillegg. Vi ønskjer elles heile tida å fokusere på informasjon og gode samhandlingsrutinar mellom administrasjon / eigne fagfolk og innbyggjarar / brukarar / tiltakshavarar / utbyggjarar /entreprenørar innafor ulike arbeidsfelt.